



Tvisteløysingsnemnda

Vedtaksdato
26. juni 2020

Vår referanse
2020/74

Saksbehandlar
Mona Ekelund

VEDTAK NR 107/20 I TVISTELØYSINGSNEMNDA

Twisteløysingsnemnda heldt møte torsdag 25. juni 2020.

Ved behandlinga av saka var Twisteløysingsnemnda satt saman slik:

Faste medlemmar

Anne Marie Due, leiar
Vetle Wetlesen Rasmussen, YS
Silje Stadheim Almestrand, NHO

Saka gjeld

Rett til stilling tilsvarende faktisk arbeidstid etter arbeidsmiljøloven § 14-4 a

Arbeidstakar

A

Arbeidsgivar

B

Nemnda vedtok:

Saksforhold

A er fast tilsett som butikkmedarbeidar i stilling på 64,33 prosent i B, med tenestested for tiden B X.

Den 10. februar 2020 satt A fram krav om stilling tilsvarende faktisk arbeidstid, jf. arbeidsmiljølova § 14-4 a.

I e-post av 2. mars 2020 avslo arbeidsgivar kravet med grunngjevinga at omsetninga hadde gått ned og verksemda måtte kutte arbeidstimar, samt at ingen arbeider meir enn det som står i kontraktane.

Saka vart brukt inn for Twisteløysingsnemnda i e-post av 30. mars 2020. Overfor nemnda har begge partane fått kome med ytterlegare opplysingar og grunngjevingar i saka.

I e-post av 24. april 2020 ga arbeidsgivar A tilbod om auka stilling med 22,33 prosent ved B Y. A aksepterte tilboden, men meiner å ha krav på auka stilling ved same butikk som han no arbeider.

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidstakar:

- e-post av 30. mars 2020, med vedlegg
- brev utan dato, motteke 16. april 2020
- brev datert 3. juni 2020
- brev datert 22. juni 2020

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidsgivar:

- e-post av 27. april 2020 med vedlegg
- e-post av 25. mai 2020 med vedlegg
- brev datert 16. juni 2020

Utsegn frå arbeidstakar

A hevdar i hovudsak at han har rett til å få stillingsutvidinga ved B X der han til nå har hatt sin arbeidsstad.

Utsegn frå arbeidsgivar

B hevdar i hovudsak at A ikkje kan få mehold i sitt krav.

Tilboden om utvida stilling med 22,33 prosent som han har akseptert er 6,5 prosent høgare enn kravet, og det er opp til arbeidsgivar å fastsette arbeidsstaden for stillingsutvidinga. Det er ikkje fleire vakter tilgjengeleg ved B X, forutan laurdagar som A har fått tilbod om og avslått.

Merknadar frå Twisteløysingsnemnda

Twist mellom arbeidsgivar og arbeidstakar om rett til stilling for deltidstilsette tilsvarende faktisk arbeidstid kan bringes inn for Twisteløysningsnemnda, jf. arbeidsmiljøloven § 17-2 (1)

og § 14-4 a (2). Etter forskrift om tvisteløysingsnemnd etter arbeidsmiljøloven § 2 settast nemnda med leiar og to faste medlemar.

Sak må reisast for Twisteløysingsnemnda seinast fire veker etter at arbeidsgivars skriftlege avslag har komme fram til arbeidstakar. Fristen bereknast og avbrytast etter reglane i domstollova kapittel 8, jf. arbeidsmiljølova § 17-2a (1).

Arbeidstakar fekk avslaget i e-post av 2. mars 2020. Fristen for å fremme saka for Twisteløysingsnemnda gjekk dermed ut 30. mars 2020. Saka blei fremma ved e-post av 30. mars 2020 og er derfor rettidig.

Arbeidsmiljøloven § 14-4 a fastset at deltidstilsette som dei siste 12 månader jamleg har arbeidd utover avtalt arbeidstid, har rett til stilling tilsvarande faktisk arbeidstid i denne perioden, med mindre arbeidsgivar kan dokumentere at behovet for meirarbeidet ikkje lenger ligg føre. Perioden skal reknast med utgangspunkt i det tidspunkt arbeidstakar fremma sitt krav.

Arbeidsgivar har vurdert at vilkåra i arbeidsmiljøloven § 14-4 a er oppfylt og gitt A stillingsauke på 22,33 prosent, som er høgare enn kravet, og som han har akseptert. Ueinigheita gjeld om arbeidsgivar kan bestemme at stillingsauka blir gjennomført ved at A tar vakter ved ein annan butikk enn der han har jobba hittil.

Nemnda har ikkje kompetanse til å ta stilling til om arbeidsgivar i kraft av styringsretten kan pålegge A ein annan arbeidsstad etter stillingsutvidinga. Sjå også vedtak 158/19 og 244/17 der nemnda behandla ei liknande problemstilling med tilsvarande resultat.

Etter dette har nemnda komme til at saka må avvisast.

Konklusjon

Saka avvisast.

Tvisteløysingsnemnda

Anne Marie Due

Leiar

26. juni 2020

Til orientering:

Tvistar som nemnt i §§ 8-3, 10-13, 12-14, 14-3 og 14-4 a kan bringast inn for domstolane etter at avgjerdet frå Tilsteløysingsnemnda er klar, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (2).

Konklusjonen frå nemnda står ved lag mens saka er til behandling i domstolane. Dersom dette vil verke urimeleg, kan retten etter krav frå ein av partane fastsette ei anna, mellombels ordning.

Fristen for å bringe tvisten inn for domstolane er åtte veker frå det tidspunktet parten blei underretta om avgjerdet til nemnda, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (3).

Blir det ikkje reist søksmål innan fristen, har vedtaket verknad som ein rettskraftig dom, og det kan fullbyrdast etter reglane som gjeld for dommar, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (4).